

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 17.10.2022

**Vår ref.:** 202000584-8 Oppgis ved henvendelse

**Deres ref.:**

## **Åsen transformatorstasjon. Høring av miljø-, transport- og anleggsplan (MTA).**

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) mottok den 08.07.2022 miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) frå Statnett for Åsen transformatorstasjon. Tiltaket er planlagt i Ullensvang kommune i Vestland fylke.

**MTA vert no sendt på høring, og vi ber om at merknader til planen vert sendt til NVE seinast innan 10.11.2022.**

### **Informasjon om høringa**

NVE ga den 01.11.2019 Statnett SF løyve til å bygge og drive en ny transformatorstasjon i Åsen.

I samband med konsesjonsbehandlninga var konsesjonssøknaden for tiltaket på offentlig høring. MTA vert no sendt på høring til eit mindre utval av høyringsinstansar.

**Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn til NVE innan 10.11.2022 på ein av følgjande måtar:**

- via e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no) (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202000584 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Statnett SF har ansvaret for å avklare privatrettslege forhold med dei som har rettar og vert råka av tiltaket før arbeida kan starte opp.

### **Kva er en MTA, og kva ønskjer vi innspel til?**

I konsesjonen er det sett vilkår om at det skal utarbeidast ein MTA. Ein MTA er ein plan for korleis anlegget skal byggast for å ta i vare krava i konsesjonen. MTA skal og konkretisere korleis Statnett skal bygge og drive anlegget, slik at miljø og landskap blir teke best mogeleg i vare. Planen skal utarbeidast i kontakt med kommunane, grunneigarar og andre med rettar.



MTA skal vere godkjent av NVE før anleggsstart, og det er denne planen vi no sender på høyring. NVE ber om innspel til korleis anleggsarbeidet kan gjennomførast.

Dokumenta er tilgjengeleg på NVE si nettside [Konsesjonssak - NVE](#).

### **Informasjon til konsesjonær**

Vi ber om at Statnett snarast send høyringsbrevet til grunneigarar, rettshavarar og andre som vert rørd av tiltaket. NVE ønskjer kopi av denne utsendinga.

### **NVE fører tilsyn med anleggsarbeidet**

Bygging av anlegget er underlagt offentleg tilsyn, og tilsynet vert utøvd av NVE. NVE vil føre tilsyn med at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår og godkjende planar. Vi vil og føre tilsyn for å følge opp at anleggsområda vert rydda og sett forsvarleg i stand.

Energianlegg med konsesjon etter energilova er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unnateke frå byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova.

Med hilsen

Anne Johanne Kråkenes  
seksjonssjef

Inger Helene W. Riddervold  
seniorrådgiver

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*

**Mottakerliste:**

Meteorologisk institutt

ODDA ENERGI NETT AS

STATKRAFT ENERGI AS

Mattilsynet

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

TYSSEDAL TURN OG IDRETTSLAG

Inger Berg Løno

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

ULLENSVANG KOMMUNE

Trolltunga AS

**Kopimottakerliste:**

STATNETT SF

STATNETT SF - Christina Hansen